
Saksnr: 2021/4428-1
Saksbehandlar Jostein Fjærestad
Dato: 08.02.2021

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Angersaken - oppstart av nye tingingar

Bergen fylke og Hordaland fylke vart slått saman til eitt fylke med verknad frå 1. januar 1972, og Bergen kommune vart frå same dato innlemma i Hordaland fylkeskommune. Dette førte til behov for overføring av ei rekke oppgåver frå Bergen til Hordaland fylkeskommune, og det vart inngått ein avtale mellom partane frå 1971 - Angeravtalen. Punkt 8 i Angeravtalen lyder slik:

Dersom institusjon som vert overført frå Bergen by til Hordaland fylke ikkje lenger skal brukast til same eller liknande føremål som ved overføringa, får Bergen kommune vederlagsfritt attende eigedomsretten til grunn og bygningar som byen har ført over til fylket.

I juni 2011 blei det frå Bergen kommune gjort krav på tilbakeføring av fleire eigedomar som vart overført Hordaland fylkeskommune i 1972. Fylkeskommunen var ikkje einig i at vilkåra i klausulen om tilbakeføring i Angeravtalen var til stades. Vidare var partane også ueinige om at lov om løysingsrettar var gjeldande for bygga som blei overført i samband med fylkessamanslåinga i 1972. Dersom denne lova er gjeldande, har retten til å krevja tilbakeført bygga gått ut 1. juli 2015.

Grunna ueinigheita tok Bergen kommune ut stemning mot fylkeskommunen 30. juni 2015. Dom i saka i desember 2018 gav Hordaland fylkeskommune rett i å behalda bygga ut frå vurderingar knytt til Angeravtalen. Bruken blei definert som «same eller liknande føremål». Dommen tok ikkje stilling til om lov om løysingsrettar var gjeldande, då stemninga uansett var tatt ut før (dagen før) løysingsretten eventuelt gjekk ut.

Eitt av desse bygga, Bergen Katedralskole - avd. Kyrre i Øvregaten 29, er nyleg flytta frå og fylket har i dag ikkje ein planlagd bruk av bygget. Fylkesrådmannen vil derfor ta opp igjen tingingane med Bergen kommune om dei bygga som vil vera knytt til ei eventuell tilbakeføring når dei ikkje lenger er i bruk til «same eller liknande føremål». Hensikten med tingingane er å oppnå ein endeleg avtale slik at partane har eit avklart eigarskap for skular med planlagde investeringar. I tillegg vil sal av Øvregaten 29 truleg utløysa ei ny rettssak mellom partane dersom det ikkje er etablert ein ny avtale.

Bygga dette gjeld er:

- Bergen Katedralskole - avd. Kyrre i Øvregaten 29 og bygg i Heggebakken 2
- Fagskolen i Hordaland (begge bygga)
- Årstad vgs (fleire av bygga)
- Langhaugen vgs
- Amalie Skram vgs (klausulen er overført frå Tanks vgs og gjeld salsverdien av Tanks vgs)